

Nye medlemmar og deltagarar

Nordre Askvoll Helselag ynskjer å gjere eit godt frivillig arbeid i vårt område. Derfor har vi behov for at gamle og nye medlemmar sluttar opp om det vi gjer. Så vil du vere med å støtte oss i arbeidet eller vil delta aktivt , er du hjarteleg velkommen på aktivitetane og som medlem.

Medlemstalet har gått ned og vi treng fleire medlemmar for å gjere meir frivillig arbeid og gje økonomisk stønad til gode tiltak som også andre frivillige lag og organisasjonar driv.

Den årlege basaren er den viktigaste inntektskjelda vår, vi treng både loddkjøparar, gåver og basardeltakarar.

Helselaget kan også setje i gang kurs, har du eit ynskje ta kontakt med nokon i styret.

23120050
Hjertelinjen

Meld deg inn direkte via Internet:
<http://www.nasjonalforeningen.no/> eller ta kontakt med ein av oss i styret

Nasjonalforeningen for folkehelsen



Gåve til Miljøstova ved fødeavdelinga på SSF i 1992



Nordre Askvoll Helselag



Helse - trivsel - omsorg
for - alle

**Helsenytt -
for alle**

Om Nordre Askvoll Helselag

Nordre Askvoll Helselag er eit lokallag under Nasjonalforeningen for Folkehelsen og vart stifta som Veiring Sjukepleieforeining 14.06.1931. Helselaget har hatt ein viktig funksjon i bygdene rundt Førdefjorden. I førekrigsåra hadde laget eigen sjukepleiar som reiste rundt i heimane der det var sjukdom. Under krigen vart det kjøpt inn sjukemateriell. Laget hadde sjukekorg som transporterte sjuke og fødande mellom heimen og sjukhus. Etter krigen hadde laget spedbarnsvekter som vart lånt ut. Laget starta spedbarnskontroll i 1963. Nordre Askvoll Helselag starta barnepark i Flokenes i 1977 og i Kvammen i 1978. Etterkvar dreiv laget to heildagsbarnehagar fram til kommunen tok over i 1990. Helselaget har gjeve økonomisk stønad til institusjonar i Sogn og Fjordane, lokale tiltak og til andre frivillige organisasjonar.

Vi har arrangert ulike kurs t.d. kurs i data, husflidsaktivitetar og førstehjelp.

Laget har som mål å medverke til førebyggande arbeid og fremje helse og trivsel blant innbyggjarane i vårt område .

Planar framover

Oktober:

11.10: Laurdagskafe

26.10: Basar

November:

Syng med oss

Desember:

Julehelsingar til eldre over 80 år og omsorgstrengande

Januar:

1. januar kl 16:00 Nyttårsbål på Dyrehovden

Februar:

Skulelunsj på Gjelsvik skule

Mars:

Årsmøte

Heile året:

- Turar i skog og mark
- Frå 2006 ynskjer vi alle nyfødde velkommen med ei gåve
- Utleige av bilsete for dei aller minste, desse kan leigast ved å ta kontakt med Sara Osland 57732859
- Har løyvd midlar til utstyr i All-aktivitetshuset for trivsels- og helsefremjande føremål

Nye aktivitetar 2008:

- Middag og handletur på Høgda: Samarbeid med Nærmiljøsentralen, vil du delta ta kontakt ring: 57734620 (nærmiljøsentralen) eller 57732878 (Mildrid)
- Vi vil gjerne ha framlegg til nye aktivitetar og kurs

Styret

Sara Osland, leiar	57732859/90607962
Mildrid Stafsnes, nestleiar	57732878/91395104
Magot Ryum	57731320
Marit Leknes	57731850
Aslaug Løkken, sekretær	57731836
Solfrid Øyren	57732826
Atle Selvik	57731710

Egil Lavik, kasserar 57732859



Turar for alle:

Kvar tysdag og onsdag i sommarhalvåret vert det kveldsturar. I tillegg vert det arrangert 2-4 sundagsturar.

Tysdagar er det lette turar og onsdagar litt meir krevjande. Det er alltid med lokalkjende som leiar på turane.

Informasjon om turane finn du på Nærbutikken på Høgda og på informasjonstavlene i Flokenes og på Høgda.



Nasjonalforeningen for folkehelsen

